



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

## Møteinkalling

---

**Utvalg:** **Verneområdestyret for SVR**

**Møtested:** Skype

**Dato:** 02.03.2020

**Tidspunkt:** 15:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 95207083. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



## **Saksliste**

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>
ST 7/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
ST 8/20	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
ST 9/20	Sesilåmi - handsaming av spørsmålet om løyvet til arrangementet skal trekkast tilbake.

**ST 7/20 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**ST 8/20 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjh@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/7751-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 27.02.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	9/20	02.03.2020

## **Sesilåmi - handsaming av spørsmålet om å trekke inn løyvet til arrangementet**

Vedlegg:

- 1 Sesilåmi - notat frå møtet med arrangør 27.2.2020
- 2 Helikoptersynfaring 26.02.2020

### **Forvalters innstilling**

Verneområdestyret syner til vedtak fatta i styremøtet 13.12.2019 sak. 43/19 og vilkår i siste prikkpunkt om at heile eller delar av tillatinga til Sesilåmi kan trekkast attende av omsyn til villrein. Verneområdestyret trekk med dette inn løyvet til arrangementet for 2020 inkludert motorisert ferdsel til preparering og støttefunksjonar.

Verneområdestyret legg vekt på at det er observert meir villrein i området enn tidlegare år. Beitesituasjonen for villreinen er særleg vanskeleg i år og der det er særleg viktig at dyra får ro der dei er. Ei forstyrring frå gjennomføring av rennet vil difor vera meir kritisk i år enn i normalår. Verneområdestyret legg vekt på at vilkåra som ligg i løyvet er det som har gjort det forsvarleg å kunne tillate eit stort turrenn gjennom sentrale vinterbeite i eit verna område.

### **Saksopplysninger**

I møtet i verneområdestyret 13.12.2019 fekk stiftinga Sesilåmi innvilga eit tre-årig løye til å arrangere turrennet Sesilåmi. Arrangementet i år er 14. mars. Løypa er 52 km. og går frå Brokke i Valle til Sennes i Sirdal. Delar av traseen går igjennom verneområdet *Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernombane* der verneområdestyret har forvaltningsmynde. Tal deltakarar har dei siste åra ligge mellom 700 – 1000. Til rennet i år er det så langt meld på 750 personar. Arrangør håpar på 200 - 300 fleire påmelde fram til rennet. I tillegg arrangerast Minilåmi (barneskirenn same dag i målområdet på Sennes) med om lag 250 deltakarar.



Løyvet vart gjeven med vilkår om at «*Heile eller delar av tillatelsen kan trekkast tilbake med omsyn til villrein*». Verneområdestyret skal i denne saka ta stilling til om dei vil trekke tilbake løyvet slik vilkåret opnar for. Ein konsekvens av dette vil sjølv sagt vera at rennet må avlystast.

Verneområdestyret må merke seg at sjølv om løyvet ikkje vert trekt inn må arrangør halde seg til dei andre vilkåra som ligg i løyvet. Av desse nemnast særskilt:

- *Statens Naturoppsyn skal kontaktast når forberedelsene av arrangementet begynner. Dette før informasjon om hvor dyra står. Arrangøren må tilpasse aktiviteten etter desse opplysningene*
- *Preparering med spor skal avsluttes om det er villrein i området*

Beitesituasjonen for villreinen har vore spesiell mange stader i Setesdal Ryfylke denne vinteren. Grunna mildvær med påfølgjande kulde har mykje beiteareal isa ned. Dette har gjeve andre vandringsmønstre enn normalår og der dyra har trekt lenger vest og sør. I fleire kommunar er det sett i verk tiltak for å sikre dyra ro. Det er mellom anna innført ekstraordinær bandtvang i kommunane Sirdal, Valle og Bykle. Fleire stader har ein også latt vera å preparere skiløyper av omsyn til dyra, til dømes Hovden austhei, Kvinen i Sirdal og Knaberøysa i Kvinesdal. Statskog har stengt sine hytter og Stavanger turistforeining har stoppa booking på fleire av turisthytteene. I Ådneram i Sirdal vart ei skredøving flytta grunna villrein i området.

På bakgrunn av den spesielle beitesituasjonen, der dyra nytter heia annleis enn normalår, har det vore ein dialog med arrangør av Sesilåmi med møte 20.2 og 27.2. Føremålet var å få ein felles forståing for tilhøva for villrein i området der rennet skal gå, og korleis det kan påverke gjennomføring av rennet 14. mars. Referat frå møtet 27.2 ligg ved. Som det går fram av referatet er arrangør innstilt på å gjennomføre arrangementet men der dei vil ta særskilte omsyn ved å avgrense perioden for grunnpreparering, samt gå ut med ei særleg oppmoding om at traseen ikkje skal nyttast før renndagen. På eige initiativ har dei avlyst dagen med «ope spor» 8. mars på strekninga Brokke – Kvislevasskarde. Arrangør var samstundes klare på at ei eventuell avlysing må kome som ein følgje av at verneområdestyret trekk inn løyvet.

Informasjon om stoda for dyra og kor dei oppheld seg er henta inn frå SNO og synfaringa dei hadde 26.2.2020. Sjå rapport som ligg ved. Vinteren har vore prega av mykje ising i vegetasjon og på bakken. Beitetilhøva for reinen er vanskelege og dei har trekt lenger vest og sør enn vanleg. Hovudinntrykket frå området der renntraseen går var at det var spreidd med spor over det meste av terrenget frå Urdevatn i Valle og til Hønedalen i Sirdal. Det vart til saman observert 6 flokkar med til saman 196 dyr. Største flokken var på Ivlungsvatnet i Valle med 95 dyr. Dei andre flokkane var på mellom 6 – 35 dyr.

#### *Heimelsgrunnlag*

Løyvet til sjølve arrangementet er gjeven etter verneforskrifta for *Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane* kap. 4.1. Løyve til bruk av prepareringsmaskin og snøscootere til støttefunksjonar er gjeven etter *Naturmangfoldloven* § 48.

Som nemnd er det teken inn som vilkår i løyvet at heile eller delar av tillatinga kan trekkast attende av omsyn til villrein. Sidan det ikkje står spesifisert kven som kan trekke det attende må det leggast til grunn at mynde ligg hjå verneområdestyret. Eit slik avgjer vil ikkje vera eit enkeltvedtak etter Forvaltningsloven då opninga for å trekke løyvet allereie ligg i vedtaket som vart fatta 13.12.2019.



## Vurdering

Utgangspunktet må vera at å trekke inn løyvet skal vera eit verkemiddel som berra skal nyttast i heilt spesielle tilfelle. Som nemnd i innleiinga vil det uansett liggje ein sikringsventil i at preparering med spor skal avsluttast om det er villrein i området.

Sesilåmi har ein lang tradisjon og ei avlysing vil vera særskilt uheldig for eit arrangement som dei seinare åra har jobba mykje med å få opp tal deltagarar. Enkelte år har dei også måtte avlyse grunna vertilhøva. Arrangør har beskrive mogleg konsekvensar i epost datert 28.2.2020:

*«Stiftelsen Sesilåmi eies av 4 idrettslag som stiller med ca 200 funksjonærer og jobber ca 3500 dugnadstimer. Vanligvis gir dette en dugnadsinntekt til klubbene. En avlysning av Sesilåmi vil kunne få alvorlige økonomiske konsekvensar for Sesilåmi på kort sikt. Et underskudd er sannsynlig. Samtidig vil en avlysning i år kunne bli utfordrende for Sesilåmi si framtid»*

På den annan side er det verneomsyn, der villrein er ein del av verneføremålet, som må vege tyngst i verneområdestyret sin avgjerd. Særleg krevjande vert det når ei slik avgjerd skal takast basert på kunnskapen ein har i dag, og der situasjonen kan endre seg fram mot renndagen.

Gjennom vinteren går villreinen på sparebluss og der den er avhengig av å tære på reserver opparbeida gjennom sommar og haust. Så lenge den har rimeleg god tilgang på beite, og kan halde seg i ro der, vil dei fleste klare seg greitt gjennom vinteren. Forstyrring vil redusere beitetida og dei må nytte ekstra ressursar til forflytting. Simlene er særleg utsett då dei skal ha overskot til å bera fram kalv.

Sesilåmi går igjennom viktige vinterbeite og det er vanleg at det oppheld seg villrein i nærområda til traseen. Eit vesentleg spørsmål må vera om det er særskilte tilhøve i år som tilseier at det er trong for å vera ekstra varsam med forstyrring i området. Ut frå rapportar frå SNO veit vi at store område i høgheia har isa ned og gjeve vanskelege beitetilhøve for villreinen. Observasjonar både av SNO og andre tyder på at dei har trekt lenger sør og vest en det dei gjer i normalår. Ein må gå ut i frå at dette heng saman med beitetilhøva og der dei i større grad må ut i randområda for å finne beite. I slike situasjonar vil det vera særleg viktig at dei får ro der dei er. Dei vil også ha færre alternative beiteområde om de på grunn av forstyrring må trekke vekk. I området der renntraseen går er det observert fleire dyr, og spreidd på fleire mindre flokkar enn det som har vore tilfelle i normalår. Ein må gå ut i frå at dei vanskelege beitetilhøva vi halde seg ei tid framover. Villreinen observert i området vil sjølv sagt kunne finne på å flytte seg fram mot renndagen, eller fleire kan trekke inn i same område.

Gjennomføring av Sesilåmi inneber ein massiv aktivitet men avgrensa til eit fåtal dagar og med størst omfang renndagen og dagen føre. Desse dagane må ein legge til grunn at aktiviteten vil vera av eit slikt omfang at villrein i nærområda til traseen vil trekke vekk. At villreinen vert forstyrra vil vera ein akseptabel konsekvens i normalår. Med dei særskilt vanskelege beitetilhøva i år vil ei forstyrring vera meir alvorleg. Grunnpreparering og sporsetting i forkant betyr også ein del aktivitet men der det i første rekke vil vera villrein i umiddelbar nærleik til traseen som vert påverka. Om arrangør utsett grunnprepareringa vil dette sjølv sagt vera positivt i høve til forstyrring.

Sesilåmi har i fleire år levd med, og akseptert, vilkåra om at løyvet kan trekkast inn om tilhøva for villreinen tilseier det. Om arrangementet ikkje kunne leve med desse vilkåra kunne dei ha nytta høvet til å klage på vedtaket. Vesentleg her må også vera at det nettopp er desse vilkåra som gjer at verneområdestyret har meint det har vore forsvarleg å gi løyve til å arrangere eit stort turrenn gjennom sentrale vinterbeite i eit verna område.



Om løyvet til arrangementet ikkje vert trekt inn i år er det vanskeleg å sjå føre seg seinare situasjonar der dette blir aktuelt. Ein skal merke seg at arrangør i følgje vilkåra skal avslutte preparering med spor om det er villrein i området. Dette uavhengig om det er ein særskilt vanskeleg beitesituasjon eller ikkje.

### **Konklusjon**

Løyet til arrangementet Sesilåmi vert trekt inn for 2020. Forvaltar legg vekt på at det er observert meir villrein i området enn tidlegare år. Beitesituasjonen for villreinen er særleg vanskeleg i år og der det er særleg viktig at dyra får ro der dei er. Ei forstyring frå gjennomføring av rennet vil difor vera meir alvorleg enn i normalår. Vilkåra som ligg i løyvet er det som har gjort det forsvarleg å kunne tillate eit stort turrenn gjennom sentrale vinterbeite i eit verna område.

*Kopi:*

*Stiftinga Sesilåmi*

*Valle kommune*

*Sirdal kommune*

*Fylkesmannen i Agder*

*Villreinnemnda for Setesdalsområdet*

Gjennomføring av Sesilåmi 2020 – notat frå møte med arrangør 27.2.2020 kl. 10.00 (skype)

Deltakarar frå arrangør: Tarald Myrum og Ørjan Ravndal

Deltakarar frå SVR: Bjørn Laugaland (styreleiar) og Jørn Haug (verneområdeforvaltar)

Andre: SNO v/Peter Hermansen og Reidar Sandal

Føremålet med møtet var å få ein felles forståing for tilhøva for villrein i området der rennet skal gå og korleis det kan påverke gjennomføring av rennet 14. mars. Møtet var ein oppfølging av møte mellom forvalningssekretariatet og arrangør 20.2.2020.

Statens Naturoppsyn (SBO) informerte om observasjonar frå synfaring 26.2.2020 og rapport frå denne vart sendt ut til møtedeltakarane. Vinteren har vore prega av mykje ising i vegetasjon og på bakken. Beite tilhøva for reinen er vanskelege og dei har trekt lenger vest og sør enn vanleg. Hovudinntrykket frå området der rennet går var at det var spreidd med spor over det meste av terrenget frå Urdevatn i Valle og til Hønedalen i Sirdal. Det vart til saman observert 6 flokkar med til saman 196 dyr. Største flokken var på Ivlungsvatnet (95 dyr). Dei andre flokkane var på mellom 6 – 35 dyr.

Arrangør er innstilt på å tilpasse arrangementet av omsyn til villreinen. Perioden for grunnpreparering kan til dømes snevrast inn ved at det berre vert køyrd ein gong to veker før rennet (ikkje tre gonger som det ligg i tillatinga). Arrangør har alt avlyst «ope spor» som var planlagt sundag 8. mars. Dei kan også gå ut med ei særleg oppmoding om at traseen ikkje skal nyttast før renndagen.

Arrangør ønskjer å gjennomføre rennet. Ei avgjer om eventuell avlysing må takast av verneområdestyret. Formelt ved at løyvet gjeven i verneområdestyret 13.12.2019 vert trekt attende. Ei avlysing vil ha økonomiske konsekvensar for arrangør og vil vera særslig uheldig for eit arrangement som dei seinare åra har jobba mykje med å få opp tal deltakarar. Lokalt kan ei avlysing gi liten forståing for måten verneområdet vert forvalta på.

Styreleiar Bjørn Laugaland poengterte at rennet går i eit område der omsyn til villreinen veger tungt og at vilkåra i løyvet speglar dette. Mange vil ha forståing for at det nettopp i år kan vera naudsynt å avlyse.

Arrangør ønskjer ei rask avklaring om verneområdestyret kjem til å trekke inn løyvet.

SNO planlegg ny synfaring men tidspunkt vil avhenge av ver og føre. Dei vil aldri ha ein fullgod oversikt over kor dyra beveger seg. Situasjonen med beiter som har isa ned må ein gå ut i frå vil halde seg gjennom store delar av vinteren.

Jørn Haug ref.  
Verneområdeforvaltar SVR



## Notat

Fra: SNO  
Til: SVR  
Dato: 26.02.2020  
Kopi til:

### Registrering av villrein langs traseen til Sesilåmi

Helikoptersyfaring 26.02.2020:

Onsdag 26.02.2020 var SNO ute for å registrera villrein langs traseen til Sesilåmi. Det vart nytta helikopter. Mannskap frå SNO: Jon Erling Skåtan, Peter Hermansen og Reidar Johan Sandal

SNO har blitt anmoda av både forvaltninga og arrangøren om å følgja med på kor villreinen står i samband med rennet.

Tilhøva: Vinteren har vore prega av ising i vegetasjonen og på bakken. Milde periodar med regn heilt opp i dei høgaste toppane og etterfølgjande kulde har lagt ei iskappe over terrenget. Dette har ført til vanskeleg beitetilhøve for reinen, og den har trekt lenger vest og sør enn vanleg.


Det har vore utfordrande å få full oversikt då vinteren har vore prega av svært därleg vær. Likevel har me gjennom eigne observasjonar og innkomne meldingar, fått eit klart inntrykk av at dyra er spreidd over store område, og på stader dei ikkje har vinterbeite til vanleg.

Tilhøva i dag var og til dels vanskelege. Sikten var god, men sterk vind i går og ut over kvelden dreiv laussnøen vekk frå toppane og ned i dalane. Det var difor vanskeleg å følgja slepene. Likevel gjorde dette at mykje av spora me observerte, berre var timar gamle. Men det var og ein del eldre spor som syner at dei har brukt dette området ei tid. I tillegg fauk me høgt for å unngå og uroa dyra. Dette gjer det vanskelegare å få auga på både spor og dyr.

Hovudinntrykket var at det var spreidd med spor over det meste av terrenget frå Urdevatn i Valle og heilt til Hønedalen. Totalt såg me 6 flokkar med til saman 196 dyr. Største flokken var på 95 dyr. Denne låg på Ivlungsvatn. Elles var det mindre flokkar på mellom 6 og 35.



## GPS-logg:



På kartet er det markert kor me observerte dyr og spor. Merk at punkta med dyr er markerte på GPSen i helikopteret og dermed ikkje rett over der dyra var.



Bilde av den største flokken.



Dyr mellom Håheller og Øyuvsvatn.

Andre opplysningar:

19.02 observerte SNO ferske spor ved Ivlungsvatn, ved Hytteheia/Sigurdsheller og i Hilleknuten.

SNO var ikkje lenger sørover denne dagen.

20.02 melding om ferske spor ved Steinbu i Joggleldalen.

24.02 melde ein skigåar om ein flokk på vel 20 dyr ved Haugevatnet vest for Kvinen.

Same dag vart det meldt om 5 forskjellige flokker ved og på Øyarvatn med til saman 150 dyr.

26.02 fekk SNO melding om at det var observert dyr ved Hovsknuden i Josdalen.